




GULEN KOMMUNE
HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA

STATUS SKILDING



8. APRIL 2021

Statusskildring til godkjenning formannskap





Innhold

1. Målsetnadar.....	2
2. Folkehelse.....	3
3. Barn og unge	3
Særleg aktuelle berekraftsmål.....	3
Bekjempe fattigdom	3
God helse og livskvalitet	3
God utdanning	4
Status:.....	4
Utfordring:.....	6
4. Vaksne og eldre	7
Innleiing.....	7
Status på tenester innan pleie og omsorg 2021.....	8
Utfordring:.....	8
Leve heile livet refomen.....	9
Vurdering av satsingar	9
5. Kultur, idrett og frivillig arbeid.....	10
Innleiing.....	10
Aktuelle andre bakgrunnsdokument.....	10
6. Bustad, stadutvikling og arealforvaltning.....	10
Innleiing.....	10
7. Miljø, klima og forureining	13
Innleiing.....	13
8. Samfunnstryggleik	14
Innleiing.....	14
Aktuelle andre bakgrunnsdokument.....	14
9. Næring og sysselsetting	15
Relevante bakgrunnsdokument:	15
Statusrapport – «her og no».....	16
Kort om industri:.....	17
Kort om havbruk.....	18
Kort om landbruk:	18
Ein bu -og arbeidsregion:	18
Folketal, alderssamansetjing og rekruttering:.....	19
Utdanning:.....	20







1. Målsetnadar

Målsetnadene til kommunen må fornyast. Både fordi vi ikkje har bygd inn dei nasjonale forventningane, og fordi dei målsetnadene som gjeld i dag ikkje er tydelege nok til å fungere som gode styringsparametre for kommunen.

Vi må tilpasse oss beremålskrava som vi nasjonalt har slutta oss til. Kort oppsummert kan illustrasjonen av målsetnadene sjå slik ut:





2. Folkehelse

[Her er lagt ved utkast til kortversjon folkehelseoversikt som danner utgangspunkt for godkjenning av kortversjon]

3. Barn og unge

Særleg aktuelle berekraftsmål

Bekjempe fattigdom

Aktuelt for Gulen å sjå særleg på er:

- Innføre tilpassede sosiale velferdsordninger og tiltak for alle, inkludert minstestandarder, og innen 2030 oppnå en vesentlig dekning av fattige og sårbare
- Innen 2030 bygge opp motstandskraften til fattige og personer i utsatte situasjoner, slik at de blir mindre utsatt for økonomiske, sosiale og miljømessige påkjenninger

God helse og livskvalitet

Aktuelt for Gulen å sjå særleg på er:

3

Status skildring





- Utrydde alle former for feilernæring, og ivareta ernæringsbehovene til unge jenter, gravide, ammende kvinner og eldre personer
- Sikre at det finnes bærekraftige systemer for matproduksjon, og innføre robuste metoder som gir økt produktivitet og produksjon, som bidrar til å opprettholde økosystemene, som styrker evnen til tilpasning til klimaendringer, ekstremvær, tørke, oversvømmelse og andre katastrofer, og som gradvis bedrer arealenes og jordas kvalitet

God utdanning

Akutelt for Gulen å sjå særleg på er

- Sikre at alle jenter og gutter fullfører grunnskole og vidaregående opplæring av høy kvalitet som kan gi dem et relevant og reelt læringsutbytte
- Sikre kvinner og menn lik tilgang til god teknisk og yrkesfaglig opplæring og høyere utdanning, inkludert universitetsutdanning, til en overkommelig pris
- betydelig økning i antall unge og voksne som har kompetanse, blant annet i tekniske fag og yrkesfag, som er relevant for sysselsetting, anstendig arbeid og entreprenørskap, inkluderere personer med nedsatt funksjonsevne,
- Sikre at alle elever og studenter tilegner seg den kompetansen som er nødvendig for å fremme bærekraftig utvikling, blant annet gjennom utdanning i bærekraftig utvikling og livsstil, menneskerettigheter, likestilling, fremme av freds- og ikkevoldskultur, globalt borgerskap og verdsetting av kulturelt mangfold og kulturens bidrag til bærekraftig utvikling

Status:

Gulen kommune ynskjer å ha eit godt og inkluderande oppvekstmiljø, der barn og unge trivst, vert sett og opplever meistring – både knytt til leik og læring. Familien har ei sentral rolle i oppveksten, men barnehage, skule, nærmiljø, kommune og frivillige organisasjonar har òg ei viktig rolle.

Oppvekstsektoren har frå skuleåret 2013-14 vore organisert i 4 oppveksteiningar, som alle har barnehage-, grunnskule- og SFO-tilbod. Frå 01.01.21 er barnevernet òg plassert under oppvekst.

Utvikling i elevtal i dei fire skulekrinsane

	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eivindvik	Samla elevtal
2016/2017 pr. 01.10.16	78	53	66	78	275
2017/2018 pr. 01.10.17	81	53	64	83	281
2018/2019 pr. 01.10.18	73	48	65	80	266



2019/2020 pr. 01.10.19	65	49	64	76	254
2020/2021 pr. 01.10.20	61	48	64	73	246

Årsverk for undervisningspersonale og lærartettleik

Indikatorar og nøkkeltal	Gulen 16/17	Gulen 17/18	Gulen 18/19	Gulen 19/20	Gulen 20/21	Landet 20/21
Årsverk for undervisningspersonale	40,8	41,5	39,6	39,6	36,9	
Lærartettleik samla (elevar pr lærar)	9,2	9,0	9,3	8,8	8,4	15,72
Lærartettleik 1.-7. steg	8,1	7,5	7,5	7,6	8,35	15,11
Lærartettleik 8.-10. steg	8,9	9,8	9,7	8,5	8,42	17,63
%-del undervisning av tilsette med godkjend utdanning	98,8	96,2	93,9	95,8	94,8	95,7*

***Talet er henta frå 2019/2020.**

Me har elevar som vågar å vere i endring. Dette og det førre skuleåret har vist at me kan snu oss om, endre retning og ta utfordringar på strak arm.

Alle tilsette i barnehagen og på skulen måtte brådigitalisere seg, og det gjorde me med glans. Erfaringane me tek med oss frå denne perioden, gjer at den neste digitale steget ikkje vert så høgt. Skulane har vore gjennom eit digitalskuleopplegg med utgangspunkt i programvarepakken M365. Som ei oppfølging av dette arbeidet, gjennomførte IKTNH eit prosjekt der dei prøver ut korleis dei best kan leggje til rette slik at det skal bli enkelt å administrere og bruke systemet. Gulen kommune var med som pilotkommune i dette prosjektet.

Me har aktive og gode barn og unge. Me ser på nasjonale prøvar og standpunktkarakterar at elevane våre jobbar godt og oppnår gode resultat. Me sender frå oss elevar som er attraktive og flinke vidare på vidaregåande skule. Me ser òg at me har fleire unge som ynskjer å kome attende i praksis eller som lærling i barnehagane og skulane våre.

I Gulen kommune har me mange flotte, aktive og engasjerte barn og unge som er ressursar i lokalmiljøa sine. Kommunen skal difor vidareutvikle og styrke det allereie gode og varierte musikk- og kulturskuletilbodet som finnast i kommunen. Ungdomsrådet har blitt høyrte, og e-sport og programmering vert eit tilbod i årets kulturskule. Dei hadde òg dans på ynskjelista, noko kommunen tidlegare har tilbydd, men ikkje fått nok søkjarar til.

Barnehagen på Byrknes vart ferdig i samsvar med planen for bygginga. Det betyr at alle barn som har barnehageplass i Gulen, har tilbod i eit bygg som er planlagt og bygt som barnehage. Alle oppvekstanlegg er då godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern.



Gulen og Masfjorden barnevernteneste har «med barn i fokus» som visjon. Barna har ein sentral plass i alt vi gjer. Tenesta har vore operativ, i samsvar med til ei kvar tid gjeldande reglar, gjennom heile Covid-19-pandemien. Samla stillingsprosent i barnevernet er 4,9. I 2020 hadde vi 28 meldingar i begge kommunane. Dette er ein bekymringsverdig nedgang frå 2019, og sakene som kjem er meir omfattande. Fylkesmannen var tett på og stilte spørsmål med nedgangen av meldingar i fleire kommunar. Ein undrar seg om det er Korona-relatert. 45 born har fått eitt eller fleire tiltak frå oss i løpet av 2020.

Barneverntenesta har hatt oppfølgingsansvar for fem fosterheimar. Desse skal ha oppfølging i høve skule, fosterheimen, biologisk foreldre og sysken, samtalar med barnet, tilrettelegging og rettleiing. Dette året har vi arbeida mykje kring tiltak utanfor familien. Krevjande saker der alle skal føle seg ivaretekne. Vi har tilsynsansvar for 10 barn frå anna omsorgskommune. Vi har hatt samlingar til og oppfølging av tilsynsførarane. Vi har og hatt ettervern av 3 unge, og ei adopsjonssak.

I Gulen kommune er Oppvekstteam ein viktig del av det tverrfaglege samarbeidet knytt til barn og unge. Her vert ulike tema drøfta på tvers av tenesteområda. Teamet består av helsesjukepleiar, PP-tenesta og barnevern.

Utfordring:

Utfordringane våre framover er å bli endå betre på tilpassa undervisning til barn og unge som har utfordringar eller har god meistring i ulike fagområde. Me må bli flinkare til å snakke om omgrep og bruke visualisering i klasseromma. Me må få til ein praksis der det er greitt å jobbe med ulike oppgåver og i ulike bøker sjølv om ein går i same klasse. Me ynskjer at fleire klassar på same steg samarbeider, og bruke fleire pedagogar i større grupper. På denne måten kan me gje betre tilpassa utfordringar til elevane våre, og dei opplever meistring og får positive opplevingar i skulekvardagen sin.

Ny barnevernlov og kommunereform inneber endringar i det forebyggande arbeidet på tvers av tenester i kommunen. Barnevernsreforma skal gi meir ansvar til kommunane på barnevernsområdet, og styrke kommunen sitt førebyggande arbeid og tidleg innsats i heile oppvekstsektoren. Reforma er så omfattande at den ofte vert referert til som oppvekstreforma. Kommunen vil bli utfordra på å etablere eigne tiltak og ansvaret vil bli overført til kommunen i større grad. Bufetat skal ikkje levere tiltak til kommunen på same måte som tidlegare.

I løpet av året vert det gjennomført ei evaluering av organiseringa av leiinga i oppvekstsektoren. I den prosessen er det òg naturleg å sjå på kor mykje administrasjonsressurs ein har i barneverntenesta i Gulen og Masfjorden, samanlikna med tilsvarande tenester.

Varierende barnetal gjer det vanskeleg å planlegge. Sjølv om totaltalet i kommunen ikkje varierer veldig frå år til år, så er det ei aktuell problemstilling på einingsnivå. Fleire av barna har ikkje norsk som morsmål. Norskopplæring for barna og god informasjon til foreldra, er viktig.





4. Vaksne og eldre

Innleiing

På lik linje med mange andre kommunar syner befolkningsframskrivinga for Gulen kommune at andel eldre aukar, medan andel personar i yrkesaktiv alder ikkje fylgjer same utvikling.

Vi har i illustrasjonane under delt opp befolkninga i alder 20-59 år , og frå 60 år og oppover.



Denne skeivfordelinga i alder må vi ta omsyn til framover. Vi må planlegge for å møte ein eldre befolkning, samtidig som vi må sjå på målretta tiltak for at personar i yrkesaktiv alder skal ønske å bu i kommunen.



Det må særleg settast fokus på planlegging av tenestene knytt opp mot eldre.

Status på tenester innan pleie og omsorg 2021

I dag har Gulen eit desentralisert tilbod innan pleie og omsorg med fire om lag like store bu- og omsorgssenter, 12+12+12+8 bueiningar, og ein institusjon med heildøgnsstilbod (sjukeheim) fordelt på tre avdelingar, langtidsavdeling 12 plassar, rehabiliteringsavdeling 8 plassar og demensavdeling 8 plassar. I tillegg er det 7 plassar knytt opp mot tilbod til personar med psykisk utviklingshemming samlokalisert med eit av bu- og omsorgssentra.

Statistikk for tal brukarar innan open omsorg syner ein auke på tal brukarar frå 2019 til 2020 på 31 (frå 107 til 138). Tal på pasientar på institusjonen er i dag, 24.03.21.; langtidsavdeling 12, rehabiliteringsavdeling 2 og demensavdeling 8.

Siste året har rehabiliteringsavdeling vore omgjort til kommunal korona avdeling med 4 sengeplassar. Sjølv med denne stenginga har kommunen tatt imot alle utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetenesta.

Det er i dag indikasjonar på at sjukeheim med permanent drift kan ha færre heildøgns plasser/ikkje treng å planlegge med fullt belegg. Utviklinga må henge saman med utskrivingar frå spesialisthelsetenesta, og demografiendringar generelt. Kommunen må uansett tilrettelegge for auka kompetanse og meir tilrettelegte bu- og omsorgssenter for å tilpasse seg endringane.

Alle bu- og omsorgssentar og institusjon har og avlastningsplassar, som er ei lovpålagt teneste.

Utfordring:

Kommunen ynskjer eit berekraftig forhold mellom oppgåver der det krevs helsepersonell, og oppgåver som m.a. kan løysast med hjelp av velferdsteknologi. Vi ynskjer å løyse demografiendringane og samstundes oppfylle måla om omsorg som har grunnleggjande verdiar om brukarmedveknad, livskvalitet, tryggleik, meistring og gode opplevsalar i høgsete.

Ei generell god folkehelse fører til at omsorgsbehovet kan utsetjast fram i tid, og at tiltaket får mindre omfang og dermed er mindre ressurskrevjande både med omsyn til tal timar og bruk av personell.

Butilbodet i kommunen må tilpasse seg demografiendringane. Slik det er i dag finnes det få bustader som kan nyttast i overgangen frå eig hus til bu- og omsorgssenter. Mange vaksne og eldre kan vere interesserte i å selje ein bustaden og kjøpe eit eigna mindre husvere. Tilbodet av denne typen husvere er lite i Gulen kommune.

Bu- og omsorgssentra vi har i dag er heller ikkje tilpassa dagens standar og teknologiske løysingar. Konkret kan dette misforholdet gjere at eldre får eit større hjelpebehov når dei flyttar til eit bu- og omsorgssenter enn det dei hadde i eigen heim, grunna fysisk utforming og manglande teknologiske løysingar.

Det er og samanheng mellom korleis kommunen er som arbeidsgjevar og kvaliteten på tenestene som vert ytte. Ved at kommunen har sterk fokus på kompetanseutvikling der medverknad, digitalisering og smarte løysingar er i fokus vil innhaldet i tenestene vere med å møte demografiendringane.



Leve heile livet reforma

Regjeringa gjennomfører kvalitetsreformen Leve hele livet, der målsetjinga er at alle eldre skal få betre hjelp og støtte til å meistre livet. Leve heile livet handlar om dei grunnleggjande tinga som oftast sviktar i tilbodet til eldre: mat, aktivitet og fellesskap, helsehjelp og samanheng i tenestene. Målgruppa for reforma er dei over 65 år, både dei som bur heime og dei som bur i institusjon.

Gjennom reforma skal vi

- Sikre gode leveår med god helse
- God livskvalitet
- Større grad av meistring i eige liv
- Helsehjelp tilgjengelig når behov oppstår
- God ivaretaking av pårørande
- God ivaretaking av ansette – bruke kompetanse, faglig god jobb

Leve heile livet-reforma skal bidra til at eldre kan meistre livet lenger og ha ein trygg og aktiv alderdom. Kommunar som tek i bruk dei gode løysingane i reforma blir belønna i statlege støtteordningar. Dette er eit verkemiddel for måloppnåing, der kompetanse og kompetanseheving er nøkkelen for å nå måla.

Vi skal tenkje på kva vi har og kva vi kan gjere betre, ikkje nødvendigvis tenkje nye løysingar. Med fleire eldre og høgare levealder vil kommunen møte utfordringar. Vi får fleire eldre, og kanskje sprekare eldre. Det ser ut som at sjølv med fleire eldre så treng ein ikkje nødvendigvis fleire institusjonsplassar, men ein ser eit meir komplekst pleiebehov når den tid kjem. Så ein vil kunne trenge meir kompetanse og betre og andre tilbod innan pleietilbuda. For at dei eldste i kommunen skal utsetje behovet for helse- og omsorgstenester må vi ha eit samfunn som ivaretek behova for aktivitet, rett ernæring, gode tenester, og får eit aldersvenleg samfunn.

Vurdering av satsingar

Gulen kommune er i gang med prosjekt innan velferdsteknologi. Dette er eit breitt hjelpemiddel der eit ukjent tal teknologiske løysingar kan sikre at du får ein god og trygg alderdom i eigen heim. Sensorar for på med lys, for fall, for passering ut dør, for lang tid sidan kjeleskap vart opna, komfyrvakt, gps, osv er ting som kan gje deg tryggleik men og fridom. At heimen og deretter institusjonen har nødvendig nettilgang kan vere ein faktor i eit aldersvenleg samfunn, som er nødvendig for at dette skal fungere.

Gulen frivilligsentral har mange tiltak som går på aktivitet, bl a dataopplæring, arrangement for motvirke einsemd, aktiv på dagtid (turgrupper) i tre bygder. No er det mange tiltak

Hovudutval saman med eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonevne har plukka ut tre satsingsområder som vi vil jobbe vidare med:

- Aktivitet og fellesskap
- Mat og måltid
- Samanheng mellom helsetenester

Vi må vurdere dette i samband med den langsiktige planlegging. Dersom vi arbeider med for store områder om gangen, kan det vere vanskeleg å måle om vi har oppnådd målet. Mange kommunar vel å snevre inn til enkle og konkrete områder.



Det kan vere ei moglegheit å gå for eit «aldersvenleg samfunn», som ein paraply og leggje inn tiltak innan dei tre ulike kategoriane. Dette vil bli teke opp når ein kjem litt vidare i arbeidet med Gulen kommune sin plan for implementering av reforma som ska vere klar til juni 2021.

5. Kultur, idrett og frivillig arbeid

Innleiing

Det er frivillige lag og organisasjonar som er berykjende i kultur- og idrettslivet i Gulen kommune. Det er dei som arrangerar alt frå kunstutstillingar, basarar og loddtrekingar til inntekt for ei rekkje føremål som til dømes skytestemner, fotballcupar osv. Difor er det viktig for Gulen kommune å leggje til rette for at frivilligheita skal ha gode vilkår. Dette gjer me mellom anna ved å dele ut kommunale kulturmidlar, låne ut offentlege lokale vederlagsfritt, bistå i søknadsprosessar om eksterne tilskot og forskottere spelemidlar.

I tillegg til å ha mykje frivillig aktivitet med nærare 70 registrerte lag og organisasjonar, har Gulen kommune også ei rik og viktig historie. Me er heimkommunen til det fyrste vikingtinget, nemleg Gulatinget. Det var i vår kommune at vikingane for fyrste gong samla seg for å diskutere lov og rett, og dermed var med på å leggje grunnlaget for det rettssystemet som me har i dag. I 2021 er Gulatinget i ein fase der organisasjonsform og konsolidering vert vurdert / drøfta.

Gulen kommune har tilsette i stillingane kulturkonsulent, frivilligsentralen og dagleg leiar for Gulatinget.

Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2019-2022 samt Kulturminneplanen vedtatt i 2021 er aktuelle temaplanar her. Kulturminneplanen inneheld kulturminner av ulike artar, alt frå krigsminner, fiskarbondelivet, freda bygningar, kyrkjer til stølar og gardstun.

Aktivitet fremjar fysisk og psykisk velvære, og det er i kommunen si interesse at alle innbyggjarane er i god form. Kommunen har ei eiga folkehelseoversikt, der kortversjonen av denne skal oppdaterast årleg. Her finn ein oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane, samt positive og negative faktorar som påverkar denne.

Aktuelle andre bakgrunnsdokument

- Regional plan for kultur Sogn og Fjordane 2019 – 2027
- Regional plan for kultur Hordaland 2015 – 2025
- Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 – 2035: Planprogram ute på høyring no. Få med kva som er viktig her.

6. Bustad, stadutvikling og arealforvaltning

Innleiing

Folketalet i Gulen fordeler seg høvesvis jamt i dei fire skulekrinsane, med mellom 500-600 personar i kvar krins.

Både langs fjorden, på fjellet mot Masfjorden og på øyene ligg det små grender som gjerne består av tradisjonelle gardsbruk og utskilte bustadtomter. Det som kjenneteiknar dei utskilte tomtene er at det



er folk som har flytta tilbake til kommunen etter endt utdanning som ynskjer å busette seg i nærleik til heimgarden og familien. Rundt 80% av innbyggjarane bur i sjølveigde einestadar, og 31,7% bur på landbrukseigedom. Berre 26% av innbyggjarane i Gulen bur i det som SSB definerer som tettstad, dvs. områder der det bur minst 200 mennesker og det ikkje er lenger enn 50 meter mellom husa. Totalt sett er 0,61 km² av Gulen kommune sitt areal dekt av bygningar, og det tilsvarar 0,1% av kommunen sitt totale areal.

Tilhøyra til dei enkelte grendene er stor i Gulen, og det går klart fram av kommuneplanen sin samfunnsdel at det er eit mål å behalde fire livskraftige bygdesenter med levande grender rundt. Dette ser ein også er eit av dei viktigaste politiske styringsprinsippa ved handsaming av politiske saker. Det lokale samhaldet og den sosiale aktiviteten som er knytt til grendene bidreg til å skape gode lokalsamfunn i Gulen. Aktiviteten føregår ofte på tvers av aldersgrupper og er eit godt bidrag til folkehelsa.

Overordna føringar

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 går det fram at kommunane skal planleggje aktivt for å motverke og førebyggje levekårsutfordringar og medverke, gjennom planlegging, til å utjamne sosiale forskjellar. Arealplanlegginga skal sikre tilgang til bustad for ein variert befolkningsstruktur, og bustadtømtar skal leggje til rette for tilstrekkeleg, variert og sosial bustadbygging. Universell utforming skal leggjast til grunn, og omsynet til folkehelsa og eit aldersvennleg samfunn skal sikrast i planlegginga. Talet eldre i kommunen vil auke og det er eit mål at flest skal bu heime lengst mogleg. Gjennom reforma «Leve heile livet» vert det lagt opp til at kommunar må tilrettelegge for ein variert bustadmasse som kan ta omsyn ein aukande andel eldre og einslege, og som er tilrettelagde og univeselt utforma.

Bustadsplanlegging kan også knyttast til rekruttering av arbeidskraft. Bustadar skal i all hovudsak lokalisast nær sentrum i tilknytning til andre tenestetilbod og arbeidsplassar, med gode tilbod til gåande og syklende. Stiar, turvegar og andre tiltak som legg til rette for fysisk aktivitet og naturopplevingar i nærleik av bustadområda er viktig.

Vidare er det viktig at kommunen tilrettelegg for bustader av riktig type, der dei trengs. Det vil sei at områder under utvikling bør ha større bustadoverskot enn i områder der utviklinga har vore lågare. Vidare må bustadsutviklinga spegle forventa folketalsutvikling og demografiutvikling.

Utfordringar

Gjennom arealplanen som vert jobba med no, går kommunen langt i å møte dei overordna føringar og forventningar til bustadutviklinga. Det er lagt inn områder for bustadutvikling i sentrum i alle dei fire bygdesentra våre, og gjennom detaljregulering er me som administrasjon medvitne om behovet for å tilretteleggje for ulike typar bustadar.

Hovudutfordringa vår når det gjeld stadutvikling, er å leggje til rette for at sjølve sentrumskjernene våre skal verte meir attraktive. Me har ulike typar tenestetilbod i alle dei fire bygdesentra som gjer at folk kjem dit for å handle, men ingen av dei er særst tilrettelagte som samlingsplassar for sosial og fysisk aktivitet. Dette fører til at kommunen har få uformelle møteplassar der det er naturleg for folk i alle aldersgrupper å samlast til spontan sosial aktivitet, eller der ein kan sette seg ned eller «henge». Sentrum bør vere tilrettelagt for at ein kan sette seg ned og prate, ete, og kanskje grille. Mindre anlegg for fysisk aktivitet som kan nyttast av folk i alle aldrar bør verte etablert. Samstundes bør kommunen lage ein heilskapleg plan for gjennomføring av arbeidet med gang- og sykkelvegar heile vegen mellom bustadområda, sentrum og oppvekstsenter. Dette er sentralt i all planlegging av nyare dato.



Betre tilrettelagte og engasjerande bygdesentrum vil kunne føre til auka trivsel blant innbyggjarane våre. I tillegg har me eit overskot av pendlarar inn i kommunen som me ynkjer at skal busette seg. Attraktive sentrum med gode møteplassar kan vere eit bidrag til at busettinga aukar, når ein i tillegg ser det i samanheng med tilrettelagte, sentrumsnære bustadområder og auke i talet nye arbeidsplassar.

Når ein ser på alderssamansettinga for kommunen, viser tal frå SSB at i dag (2018-tal) er rundt 15-20 % av befolkninga over 70 år, medan prosentandelen i 2040 er venta å vere oppe i 20-25%. Ei eldrande befolkning som i stadig større grad er venta å bu lengst mogleg heime, vil også ha behov for uformelle møteplassar. Gulen kommune si fokehelseoversikt viser også antal personar per hushaldning går ned, og ligg på 2,22 personar per hushaldning. Om lag 18 % av innbyggjarane bur åleine, og den største andelen einebuare er over 45 år. For denne gruppa er det også viktig å ha møteplassar der folk samlast.

Tilgang til friluftsliv og turløyper 500 m frå der ein bur er eit satsingsområde for folkehelse. Dette bør kommunen også ha med seg i vidare planleggninga av attraktive sentrum.

I Eivindvik vert det i løpet av året starta opp detaljregulering for å gjere Eivindvik sentrum meir attraktivt. Administrasjonen foreslår at dette arbeidet vert eit prøveprosjekt for å skape tilsvarande prosessar i dei andre bygdesentra. Det er allereie laga ei moglegheitsstudie for Brekke som kan danne grunnlag for ei liknande utvikling der, samt at det også er gjort noko tilsvarande arbeid for Dalsøyra.

Gjennom medverknadsprosessen til samfunnsplanen bør også utvikling og tilrettelegging av bygdesentra våre inngå som eit konkret mål. Kva behov og ynskjer har innbyggjarane i dei ulike grendene? Kva tankar har dei om felles fysiske møteplassar? Kva behov har dei ulike aldersgruppene?

Arealstrategi

Sjølv om arbeidet med arealplanen framleis ikkje er avslutta, ser me allereie behov for tilpassingar som gjeld tema som ikkje var ein del av dei prioriterte områda i planprogrammet for denne rulleringa. Det er også tenkeleg at arbeidet med ny samfunnsplan vil føre fram til behov for endringar i arealføremål som pågåande arealplanarbeid ikkje har teke omsyn til.

Gulen kommune manglar også ei skredfarekartlegging av dei mest utsatte områda våre. Dette går også fram som ei utfordring av den overordna ROS-analyse til kommunen og bør prioriterast.

FN sine bærekraftsmål

- **Mål 6: Reint vatn og gode sanitærforhold** - Sikre bærekraftig vassforvaltning og tilgang til vatn og gode sanitærforhold for alle.
- **Mål 11: Berekraftige byar og lokalsamfunn** -Gjere byar og busetnadar inkluderande, trygge, motstandsdyktige og berekraftige.
- **Mål 13: Stoppe klimaendringane** -Handle umiddelbart for å stoppe klimaendringane og kjempe mot konsekvensane av dei.
- **Mål 14: Livet i havet** -Bevare og bruke havet og marine ressursar på ein måte som fremmar berekraftig utvikling.
- **Mål 15: Livet på land** -Beskytte, gjenopprette og fremme berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, bekjempe ørkenspredning, stanse og reversere landforringelse samt stanse tap av artsmangfald.



7. Miljø, klima og forureining

Innleiing

Klimaendringane er ei global utfordring der verda vert varmare som fylgje av drivhuseffekten. Aukande utslepp av CO₂ og andre klimagassar frå industri, jordbruk, transport, kraftproduksjon, m.m. har ført til at atmosfæren sitt innhald av CO₂ er høgare enn nokon gong.

Overordna føringar

Klimaendringar gir kommunane nye utfordringar i arbeidet med samfunnstryggleik. FN sitt berekraftsmål nr. 13 seier at me skal jobbe for å stoppe klimaendringane. Dette kan kommunen gjere mellom anna ved å redusere klimagassutsleppa. Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing seier at kommunen skal nytte rolla som lokal planmynde til å redusere klimagassutslepp og auke miljøvennleg energiomlegging, jf. §1. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2019), forventar regjeringa at kommunane skal kartlegge områder som er sårbare for klimaendringar og utarbeider ROS-analyser som vurderer konsekvensar av klimaendringar. Det skal visast stor aktsemd med å planleggje for utbygging i fareområder og andre områder som kan verte negativt berørt av klimaendringar. Kommunane skal vidare leggje vekt på å redusere faren for tap av menneskeliv, samt førebyggje skader på bygningar, infrastruktur, natur, kulturmiljø og kulturminner.

Utfordringar

Dei nasjonale utsleppsmåla legg opp til ein reduksjon på 40% innan 2030. Klimagassutsleppa til Gulen var på 164 245 tonn CO₂-ekvivalentar i 2020, opp 40,4% frå utsleppa i 2019. Nær 90% av utsleppa kjem frå sjøfart, spesielt offshore serviceskip, offshore supply skip, passasjerfart, samt frå samlekategorien «andre aktiviteter sjøfart». Utsleppa til kommunen ligg langt over kommunane rundt oss, og ut ifrå sektoren som utsleppa kjem ifrå, kan det virke som at utsleppa har ein samanheng med utviklinga som har skjedd i industrien i ytre deler av kommunen.

Ettersom utsleppstala er så høge, både i seg sjølv og samanlikna med nabokommunane våre, er det behov for å analysere desse nøyare. Til dette arbeidet bør kommunen få bistand av fagkunnige konsulentar som har kunnskap til å analysere metodegrunnlaget for dei tala som ligg på Miljødirektoratet sine sider, og samtidig kome med anbefalingar til utsleppsreducerande tiltak som kan vere aktuelle for vår kommune. Ein slik konsulentrapport vil danne grunnlaget for kommunen sitt vidare klimaarbeid og vil inngå som ein del av samfunnsplanen.

Det er også ei utfordring for kommunen at me manglar kompetanse og ressursar til å følgje opp saker som gjeld ureining. I det Interkommunalt utval for akutt forureining (UIA) skal deler av beredskapsarbeidet knytt til akutt forureining sikrast. Det er likevel behov for å gjennomføre miljørisikoanalyse etter forureiningsforskrifta for å få betre oversikt over dei ulike ureiningsrisikoane – og kjeldene våre. Dette må gjerast i nært samarbeid med næringslivet.



8. Samfunnstryggleik

Innleiing

Beredskapsarbeidet er eit lovpålagt arbeid. Sivilbeskyttelseslova § 14 seier at kommunane skal kartlegge og analysere kva uønska hendingar som kan inntreffe. Resultatet skal samanstillast i ei heilskapleg ROS-analyse, som skal leggjast til grunn for alt arbeid med tryggleik og beredskap – mellom anna all planlegging etter plan- og bygningslova. Den overordna ROS-analysen til kommunen er datert 2019, og det vil soleis vere krav om ny revisjon i 2023.

Vidare så pålegg § 15 i sivilbeskyttelseslova kommunen å utarbeide ein beredskapsplan med utgangspunkt i ROS-analysen. Beredskapsplanen skal innehalde oversikt over korleis kommunen førebur seg på å handtere uønska hendingar.

I beredskapsplanen til Gulen kommune kjem det fram at visjonen for beredskapsarbeidet er at

-Gulen kommunen skal vere eit trygt område for alle som bur, som ferdast, som har sitt virke eller som har eigedom i kommunen.

Ser ein på statistikk og erfaring, så er det ikkje kvar dag det skjer alvorlege hendingar i kommunen vår. Dette set krav om at vi må øve på ulike scenarior for å vere førebudd på å handtere dei tenkte hendingane. Vi har tidlegare hatt fleire dødsfall til sjøs, trafikkuhell/skader, (andre årsaker til død?). Slutninga ein kan dra frå desse hendingane er at kommunen har eit godt operativt apparat.

Kommunedirektøren har det daglege overordna ansvaret for beredskapsarbeidet i kommunen. Kommunedirektøren leiår kommunen si kriseleiing. Ordføraren har overordna ansvar i ei krise, og er samtidig kommunen sin talsperson i media.

Kommunen har eit eige psykososialt kriseteam. Det er eit tverrfagleg samansett team bestående av prest, kommunelege, helsesjukpleiar, psykiatrisk sjukepleiar, barnevernsleiar, fagdirektør oppvekst og einingsleiar helse. Teamet skal vere ein ressurs som kan gje krisehjelp til einskildpersonar eller grupper av personar i ein krisesituasjon. Den kommunale kriseleiinga nyttar teamet som ein støtteressurs ved større ulykker.

Brannvernet i Gulen kommunen er organisert som eit samarbeid med Masfjorden kommune, der brannsjefen har tenestestad i Masfjorden. Det er fire stasjonar knytt til brann- og redningsberedskapen i vår kommune – desse er lokalisert i Brekke, Byrknes, Dalsøyra og Eivindvik.

Varslingstenesta Varsling24 gjer at kommunen raskt kan informere om uventa hendingar. Tenesta har også vore nytta når det har vore meldt ekstremvær, der innbyggjarane har blitt oppfordra til å halde seg i ro og sikre løyse gjenstandar. Dette er eit god verktoy med stor treffprosent. Tenesta har no utvikla seg til at kommunen også kan nå ut til eigarane av fritidsbustadane, som det er mange av her i kommunen.

Samfunnstryggleik handlar også om trygg bruk av areala i kommunen vår. Dette sikrar avdelinga Plan, landbruk og teknisk gjennom å mellom anna regulere arealføremål, planføresegn og omsynssoner. Dette er eit arbeid som er strengt regulert gjennom plan- og bygningslova.

Aktuelle andre bakgrunnsdokument

- Regional transportplan for Vestland fylke 2022-2033
- Strategi for samfunnstryggleik i samferdselssektoren





- Sivilbeskyttelseslova
- Kommuneleva
- Plan og bygningslova
- Beredskapsplanen til kommunen

9. Næring og sysselsetting

Aktuelle berekraftsmål:

- Mål 4 - God utdanning
- Mål 7 – Rein energi til alle
- Mål 8 – Anstendig arbeid og økonomisk vekst
- Mål 9 – Industri, innovasjon og infrastruktur
- Mål 11 – Bærekraftige byar og lokalsamfunn
- Mål 12 – Ansvarleg forbruk og produksjon
- Mål 14 – Livet i havet
- Mål 15 – Livet på land
-

Relevante bakgrunnsdokument:

Utviklingsplan for Vestland

- <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regional-planstrategi/utviklingsplan-for-vestland-vedteken-nett.pdf>
- Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 Vestland Fylke.
- <https://www.vestlandfylke.no/politikk/hoyringar/hoyring-regional-plan-innovasjon-og-naeringsutvikling/>

Temaplanar:

- Areal
- Landbruk
- Havbruk

Lovverk, forskrifter og anna:

- Plan – og bygningslova




- Miljøforskrifter
- Lov om offentlige anskaffelsar
- Maritime moglegheiter - blå vekst for grøn framtid, regjeringas maritime strategi.

Statusrapport – «her og no»

Næringslivet i Gulen kommune er utanom offentlig forvaltning og primærnæringane, dominert av byggje- og anleggsverksemd, havbruk og industri.


Hovudtyngda av næring er lokalisert i sørvestlege delar av kommunen mot Fensfjordbassenget i tett tilknytning ferjesambandet Sløvåg-Leirvåg, Mongstad og Bergen, samt i nord-austlege delar langs, eller nært til E-39.

Utover dette består næringslivet elles av eit vidt spekter av mindre verksemdar knytt til teknisk og privat tenesteytande næring spreidd utover kommunen. Privat næringsliv står for 68% av total sysselsetjing i kommunen, men trass i store nøkkelveksemdar knytt til industri og havbruk, ligg gjennomsnittet på tal tilsette i Gulen-bedriftene på 3 tilsette.



Figur 1: Tal verksemdar i kommunen har auka trass i ein større reduksjon innan landbruksnæringa. (SSB/kommuneprofilen 2019)






Figur 2: Kva bransjar fordeler verksemdene seg på?

Merk at diagrammet også inneheld offentleg verksemd.

Hva innbyggerne arbeider med. 2019



Kilde: Sysselsetting, registerbasert, Statistisk sentralbyrå

Figur 3: Korleis fordeler sysselsetjinga seg bransjevis?

Kort om industri:

Industrien i kommunen har i stor grad utvikla seg rundt Fensfjordbassenget og har vore, og er ein motor for utvikling av nye arbeidsplassar i kommunen, og eit fleirtal av arbeidsplassane innan privat næringsliv er å finne i dette området. Arbeidsplassane er i stor grad knytt til logistikk, vedlikehald og prosessering. Dette er bransjar som i mindre grad er eksponert for svingingar knytt til olje & gass og som har klart seg godt også gjennom dei økonomiske krisene ein har sett siste 10 åra.



Ein del av industriverksemdene er svært aktive mot. moglegheitene det grøne skiftet gir til ny aktivitet og har synt seg konkurransedyktige når det gjeld rammevilkår for å tiltrekke seg nye næringer. Andre igjen etablerer eiga verksemd basert på nye produksjonsmetodar og sirkulær bruk av råstoff.

For nokre av bransjane kan det likevel stillast spørsmål ved om ei relativ stabil utvikling har ført med seg at det i liten grad har vore behov for omstilling til nye næringer noko som kan vere ei utfordring for eit næringsliv som også må ta del dersom ein skal klare å omstille seg til lågutsleppssamfunnet.

Kort om havbruk

Gulen kommune er ein av dei største havbrukskommunane i Vestland med Firda Seafood Group med hovudkontor på Byrknesøy som den største aktøren lokalt. Havbruksnæringa er svært viktig for kommunen, og sto i 2019 for i underkant av 400 millionar i verdiskaping, i tillegg har auka sysselsetjing i tilknytning til havbruksnæringane vege opp for redusert sysselsetjing i andre delar av primærnæringane.

Siste åra har ein også sett nyetableringar knytt til andre delar av havbruksnæringa som t.d. tareoppdrett, i tillegg til etablering av landbasert oppdrett både i indre og ytre delar av kommunen. I siste 10-års periode har også dei attverande fiskeriverksemdene i kommunen investert store summar i oppgradering av båtar og kvotar.


Kort om landbruk:

Landbruket er ei stor næring i kommunen med omsyn til sysselsetjing, men med ei lågare verdiskaping enn mange av dei andre bransjane. Ei målsetjing om auka verdiskaping per bruk, har medført at det også i Gulen har vore ei utvikling mot større einingar og færre bruk og som gjev redusert sysselsetjing.

Ein bu -og arbeidsregion:

Gulen er, særleg saman med Masfjorden, men også til dels resten av Nordhordland i dag å sjå på som ein bu -og arbeidsregion, (i denne samanhengen er det også naturleg å ta med Høyanger sørside), og pendlarbalansen viser ei lita overvekt for pendling inn til kommunen. HAFS-kommunane utgjer ein marginal del av arbeidsmarknaden for Gulen. Det er naturleg å sjå vekk frå pendling mellom Gulen og Masfjorden, dette er å sjå som ein region når det gjeld arbeid og bustad, trass dette er det framleis i overkant av 200 som pendlar til arbeidsplassen sin i Gulen.






Pendling handlar om mange faktorar som utdanning og kompetanse, men også om kva arbeidsmarknad ein kan tilby lokalt og kor attraktiv ein er som bustadkommune.

Grafen viser likevel ein skummel tendens der færre har fast bustad i kommunen og fleire pendlar, det er difor viktig å stille det litt flåsete spørsmålet, «kvifor vil folk jobbe her, men ikkje bu her»?

Folketal, alderssamansetjing og rekruttering:

Folketalet i kommunen har siste åra falle, samstundes går alderssamansetjinga opp og om lag 22% av dei som i dag er i arbeidsfør alder vil ila neste 12-års periode kunne bli pensjonistar. I tillegg vil det dei kommande åra bli skapt mange nye arbeidsplassar, samstundes som ein ikkje har nokon lokal base å rekruttere frå då arbeidsløysa er svært låg.

Aldersfordeling per 1. januar 2020



Figur 4:
Aldersfordeling Gulen kommune per 01.01.2020.




Det kan synest som om kommunen i for liten grad har klart å kapitalisere nok på veksten i tal arbeidsplassar i form av auka folketal, tvert imot har folketalet gått ned. Ein må difor stille spørsmålet om kompetansen lokalt ikkje er tilpassa lokalt arbeidsliv, om arbeidsmarknaden tilbyr «feil» type jobbar, eller om kunnskapen om kva som er av jobbtilbod ikkje er god nok kjend, - eller om kommunen som bu - og arbeidsstad ikkje har eit godt nok tilbod.

Utdanning:

Utdanningsnivået i kommunen speglar i stor grad samansetjing av arbeidsmarknaden og kva kompetanse verksemdene har hatt behov for hittil og det kan vere lett å konkludere med at det finst lite kompetansearbeidsplassar utover offentleg sektor. Bilete er likevel meir nyansert. Ein del av verksemdene er av ein storleik som krev eigen administrasjon, og utfører oppgåver som krev høg kompetanse. Om denne kompetansen ikkje er tilgjengeleg lokalt må den rekrutterast utanfrå.

I dag er samarbeid mellom skule og næringsliv i liten grad formalisert og det er i stor grad opp til kvar skule i kva grad ein ser dette som eit prioritert satsingsområde. Kompetanse om kva moglegheiter som finst hos lokalt næringsliv kan bli betre, både i eit kompetanse – og eit folketalperspektiv.

Høyeste fullførte utdanningsnivå. 2018



Kilde: Befolkningens utdanningsnivå, Statistisk sentralbyrå

Næring: SWOT-ANALYSE - Gulen





Styrkar: <ul style="list-style-type: none">- Nærleik til arbeidsplassar i regionen- Areal – næring, (privat)- Lokalt eigarskap- Kort veg til beslutningstakar – privat/off.- Gründerskap- Oppdaterte arealplanar- Gründerbistand- Stabil arbeidskraft- Fiberdekning- Sterkt organisasjonsliv- Naturressursar- Bransjevis mangfald i næringslivet	Mogelegheiter: <ul style="list-style-type: none">- Areal- Geografisk plassering- Hamner/kaiar- Fleksibilitet hos offentlege myndigheiter- Evne til å sjå forretningsmogelegheiter hos lokalt næringsliv.
Svakheiter <ul style="list-style-type: none">- Folketal- Offentleg økonomi- Rekruttering- Utdanning- Infrastruktur- Avstandar- Små organisasjonar priv/off.- Dels dårleg mobildekning- Sårbart næringsliv - få verksemder sysselset ein stor del av arbeidstakarane.	Trugsmål <ul style="list-style-type: none">- Fråflytting- Offentlege rammevilkår- Konjunkturar – økonomisk utvikling lokalt/nasjonalt.- Demografi- Omstilling til nye næringar

